

## Skårhaug-hus totalskadd av brann

06.11.2007



Brannen hadde allereie fått godt tak då mannkapa kom. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Huset til Hans Gustav Musland i Skårhaug vart totalskadd av brann i morgontimane tysdag. Det om lag 50 år gamle huset, som tidlegare tilhørde familien Kolltveit, var no under restaurering. Det skal ha vore folk i arbeid der måndag. No budde det ikkje folk i huset, men det var så og seie klart for innflytting og innflyttinga skulle skje om få dagar.**



Klokka 12.30 sto berre eit skal att og mannkapa konsentrerte seg om etterslokkinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Brannen vart oppdaga og meldt ved halv åtte-tida og det var full utrykning av brannmannskap frå Uskedalen og Rosendal.



Men elden hadde allereia spreia seg via isolasjonen og det var ei håplaus oppgåve å få bukt med han sjølv om dei gjekk inn med røykdykkarar. Brannen skal ha starta på kjellarplanet.

Det var ikkje mogeleg for  
brannmannskapa å få herredømme over  
brannen og slik slog flammene gjennom  
taket klokka 10.30. (Foto: Ola Matti  
Mathisen)



Brannen i Skårhaug sett frå andre sida  
av elva. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ei ekstra ulempe var vassforsyninga, fordi mannskapa måtte heilt ned i elva  
for å henta vatn.  
Fleire av oppsittarane peika overfor uskedalen.no på at det burde ha vore ein  
hydrant i Skårhaug.

Av Ola Matti Mathisen



Flammene slår ut frå det brennande huset i Skårhaug tysdag morgon. (Foto: Ola Matti Mathisen)